



## Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Bømlo kommune

### Heimel:

Fastsett av Bømlo kommunestyre XX. XX. 2026 med heimel i lov 01. januar 2026 nr. 26 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 4 kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova) § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 andre ledd.

### 1. Generelle føresegner

Kommunen sine abonnentar betalar gebyr for vass- og avløpstenester som kommunen leverer. Det kommunale selskapet Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS (BVA) er leverandør av vass- og avløpstenestene på vegne av kommunen. BVA utsteder faktura til abonnentane på vegne av Bømlo kommune. Forholdet mellom abonnenten og Bømlo kommune er regulert av statlege lover og forskrifter, regulativ og abonnementsvilkår. Dette er dei viktigaste dokumenta:

- Lov 06. juni 2025 nr. 26 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova)
- Forskrift av 1. juni 2004 nr 931 om avgrensing av forureining, kapittel 16 om kommunale vass- og avløpsgebyr
- Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Bømlo kommune av 08.06.2026 (dette dokumentet)
- Gebyrregulativ for det enkelte år
- Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp, administrative og tekniske bestemmelser
- VA-norm i Bømlo kommune datert 03.03.2021
- Gjeldande abonnementsvilkår for vatn og avløp i Bømlo kommune
- Forskrift av 11. desember 2019 nr 1731 om berekning av samla sjølvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyr (sjølvkostforskrifta)
- Lov av 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesakshandsaming (plan- og bygningslova)
- Sanitærforskrifta

#### 1.1. Definisjonar

I denne forskrift meinast med:

- a) Sanitærinstallasjonar/ innvendige vass- og avløpsinstallasjonar: Abonnenteiga røyr, installasjonar og utstyr innanfor husets yttervegg, som er tilknytt vass- og/ eller avløpsanlegg.
- b) Private vass- og avløpsanlegg: Abonnenten sine private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor husets yttervegg, som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.
- c) Abonnement: Avtale mellom abonnent og kommunen om vassforsynings- og/eller avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunen sitt vass- og avløpsanlegg. Avtalen treng ikkje vera skriftleg. Avtale om tilknytning via privat fellesleidning reknast som abonnement.
- d) Abonnent: Eigar av eigedom som er tilknytt kommunen sitt vassforsynings- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjent eller kravd tilknytt. Fester av eigedom skal stå som abonnent når attståande festetid var 30 år eller meir då gebyrplikta tok til å gjelda, eller festar har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid frå gebyrplikta tok til å gjelda vil kunne bli 30 år eller meir.
- e) Eigedom: Fast eigedom registrert som sjølvstendig eining i Matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med til lov om eigarseksjonar reknast som sjølvstendig eining.
- f) Bygning: Konstruksjon/ byggverk med eige bygningsnummer.



- g) Bustad: Bygning som er registrert som bustad i Matrikkelen (Kode 111 – 113, 121 – 124, 131 – 136, 141 – 146, 151 – 159, 162 – 163, 193 og 199)
- h) Fritidsbustad: Bygning som er registrert som fritidsbustad i Matrikkelen. Hytte, sommarhus, seterhus, rorbu og liknande (Bygningstype: 161, 171, 524 og 529).
- i) Naust: Blir rekna som eigen bygning (Bygningstype: 183).
- j) Garasje/ anneks: Bygning som er registrert som garasje/ uthus i Matrikkelen (Bygningstype: 181, 182)
- k) Brukseining (anna enn bustad): Bygning eller del av bygning (lokale) som blir nytta til næringsverksemd eller offentleg verksemd, blir rekna som brukseining.
- l) Bueining: Bustad eller fritidsbustad med eit eller fleire rom, separat inngang og eige bad/wc og kjøkkendel. Hybel/ leilegheit blir også rekna som eigen bueining. Ein bustad kan innehalde fleire bueiningar.
- m) Bruksareal (BRA): Bruksareal for ein bygning eller brukseining som er registrert i Matrikkelen og berekna med utgangspunkt i NS 3940.
- n) Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt avløpsvatn.
- o) Kombinasjonsbygg: Bygg med både bueiningar (bustader) og brukseiningar (næringsverksemd/offentleg verksemd).
- p) Næringseigedom: Bygg som ikkje er bustad, fritidsbustad eller kombinasjonsbygg. Bygg for offentlege føremål blir klassifiserte som næringseigedom.
- q) Burettslag/sameige: Bygg som blir brukt til bustadføremål, og som er regulert av lov om burettslag eller lov om sameige.
- r) Stipulert forbruk: Forventa forbruk hos ein abonnent, fastsett på grunnlag av bruksareal (BRA).
- s) Tilknytingsgebyr: Eingongsgebyr som blir betalt ved tilknytning til offentleg vass- og avløpsleidning.
- t) Årsgebyr: Gebyr som abonnentar kvart år betaler for tilgang til kommunens vass- og avløpsstenester. Årsgebyret er delt i fast- og forbruksdel.

## 1.2. Generell gebyrplikt

Plikta til å betale vass- og/eller avløpsgebyr gjeld

- a) bygningar som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom eiga/felles privat stikkleidning
- b) bygningar som kommunen i medhald av plan- og [bygningslova § 27-1](#) eller [§ 27-2](#) har kravd tilknytt
- c) som elles utfører tiltak som er omfatta av § 2-1 om gebyrplikt for tilknytingsgebyr og av § 3-1 om gebyrplikt for årsgebyr, jfr. plan- og bygningsloven §§30-1 og 30-6



### 1.3. Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- a) Eingongsgebyr for tilknytning til høvesvis vatn og avløp (tilknytingsgebyr).
- b) Årsgebyr for høvesvis vatn og avløp
- c) I tillegg kan kommunen krevje betaling etter standardiserte satsar for kommunens kostnader ved for eksempel avlesing av vassmålar, avstenging og påsetting av vassforsyning.
- d) Eventuelt andre årlege gebyr vedtekne av kommunestyret i Bømlo

Gebyrsatsar vert vedtekne av kommunestyret i eige regulativ.

### 1.4. Klage og omgjerung

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsett i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ, jfr. forvaltningslova.

Enkeltvedtak treft i medhald av forskrifta, kan klagast til utval for Areal og Samferdsel i Bømlo kommune.

### 1.5. Fritidsbustad

For fritidsbustader gjelder tilsvarande reglar som for bustader.

### 1.6. Arealberekningmetode

Ved berekning av tilknytingsgebyr etter § 2-1 og den faste delen av årsgebyret, eller for betaling ved stipulert forbruk etter § 3-9 og § 3-10 skal arealet målast etter NS 3940.

Arealutrekninga skal leggjast til grunn for utrekning av vass- og avløpsgebyra, med dei unntaka som går fram av denne paragrafen.

For eksisterande bygg der bruksareal manglar eller er ufullstendig angitt i matrikkelen, kan andre registrerte arealdata nyttast fram til bruksareal etter NS 3940 ligg føre. Viss kommunen manglar korrekte opplysningar om bruksareal, pliktar abonnenten å skaffe dette.



## 2. Eingongsgebyr for tilknytning

### 2.1. Gebyrplikt

Eingongsgebyr for tilknytning skal betalast for følgjande:

- a) Nybygg
- b) Tilleggsgebyr skal krevjast for tilbygg eller påbygg som aukar bygningens areal:
  - a. For bustadeigedom når auke i arealet fører til auke på tal bueiningar, jfr. §1-1 bokstav g, eller når auke i arealet er over 500 m<sup>2</sup>.
  - b. For annan eigedom når auke i bygningens areal er over 500 m<sup>2</sup>.
- c) Eksisterande bygg som vert tilknytt eller som kommunen krev tilknytt.
- d) Eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjent.
- e) Annan permanent tilknytning til kommunalt vass- eller avløpsanlegg, eksempelvis vatningsanlegg for landbruk, gartneri, idrettsanlegg, vasspostar, mv.
- f) Sprinklaranlegg: For særleg behov utover normal mengde må utbyggjar ta kostnaden med dette.

Eingongsgebyr for tilknytning vert ikkje belasta i følgjande høve:

- a) Mellombels tilknytning for kortare periode enn 1 – eitt – år.
- b) Seksjonering av allereie tilknytt bygning utan at bygningens samla bruksareal vert endra

### 2.2. Utforming av gebyret

Tilknytingsgebyret blir berekna per m<sup>2</sup> bruksareal (BRA) pr. bygning, bueining og/eller seksjon med grunnlag i NS 3940 eller eksisterande arealdata.

Tilknytingsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp skal betalast:

For einingar opptil 75 kvadratmeter skal det betalast eit fast grunnbeløp.

For einingar som blir oppført eller knytt til, og som er lik eller større enn 75 kvadratmeter, skal heile bruksarealet x pris pr. m<sup>2</sup> leggjast til grunn i berekninga.

Når ei eksisterande bygning blir riven i samband med nybygg, skal det overskytande bruksarealet leggjast til grunn ved berekning av eingongsgebyret dersom eksisterande bygg var tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning. Dette gjeld også gjenoppbygging etter brann. Kommunen kan krevje dokumentasjon på tidlegare betalt gebyr, jfr. pkt 2.1 b)

### 2.3. Gebyrsats

Størrelsen på gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet.

Gebyrsatsen skal vera det som var gjeldande gebyrsats då kommunen godkjente igangsetjingsløyve eller oppstart bygging.



## 2.4. Bygning utan godkjent tilknytning

For nye og eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjent, skal tilknytingsgebyr betalast etter gjeldande sats på det tidspunktet kravet blir sett fram. Har man ikkje anna berekningsgrunnlag, vert gebyret fastsett etter skjønn.

Tilknytningstidspunktet skal så langt det lèt seg gjere, vere kartlagt og dokumentert. Slik berekning inneber ikkje at tilkoplinga er godkjent.

Tilkoplinga er først godkjent når skriftleg søknad og ferdigmelding om sanitærabonnement/tilkopling blir godkjent.

## 2.5. Ansvar og betalingsfrist

Abonnten har ansvar for å søkje om tilknytingsrett til offentleg vass- og avløpsnett. Den som er abonnent på det tidspunktet gebyrplikta oppstår, er ansvarleg for å betale gebyret og vil få tilsendt faktura. Gebyret kan krevjast frå det tidspunktet då igangsetjingsløyve blei gitt. Gebyret blir fakturert etter gjeldande sats ved gitt igangsetjingsløyve.

Eingongsgebyret for tilknytning skal vere betalt innan forfallsdatoen som er angitt på fakturaen, og seinast før tilknytninga finn stad.

Rekning kan etter avtale sendast til f.eks. utbyggjar av eit bustad-/næringsprosjekt i samband med at igangsetjingsløyve blir gitt. Eigaren av den enkelte bygning er i alle tilfelle ansvarleg for at tilknytingsgebyret blir betalt.

## 3. Årsgebyr

### 3.1. Gebyrplikt og iverksetjing

Årsgebyr skal betalast for alle bygningar som:

- a) Er tilknytt kommunalt vass- eller avløpsanlegg
- b) Er pålagt tilknytt i medhald av lov og frist for tilknytning er utgått.

I tillegg skal det betalast årsgebyr der annan permanent tilknytning er utført, eksempelvis vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg, vasspostar, mv.

Gebyrplikta trer i kraft:

- a) For eining med stipulert forbruk: ved mellombels bruksløyve, ferdigattest eller innflytting (adresseendring)
- b) For andre einingar: når vassmålar er eller skal vera installert.

### 3.2. Frå-kopling

Er frå-kopling ikkje godkjent, skal abonnenten betale årsgebyr inntil frå-koplinga er godkjent.



### 3.3. Ansvar for gebyra

Abonnten har ansvar for betaling av gebyr, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annan rekningsmottakar.

Abonnentar som samarbeider om felles vassmålar, er solidarisk ansvarleg for gebyra. Gjeld eit slikt samarbeid eit sameige etter lov om eigarseksjonar, er kvar abonnent ansvarleg for mengdevariabel del av gebyret i høve til eigardel, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameiget sine vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

### 3.4. Utforming av gebyra

Årsgebyra for vass- og avløpstenester består av:

- a) abonnementsgebyr (fast del) = Fast del + Areal basert del  $[\text{kr}/\text{m}^2] \times \text{BRA}[\text{m}^2]$ .
- b) forbruksgebyr (variabel del)

Det bereknast eit årsgebyr pr. bygning, bueining eller seksjon.

Kostnader knytte til vass- og avløpstenestene skal dekkjast inn gjennom gebyra etter sjølvkostprinsippet. Kor stor del av årsgebyret som skal vere høvesvis fast og variabel del, blir kvart år fastsett i gebyrregulativet.

Mengdevariabel del vert utrekna etter målt eller stipulert forbruk, som vassforbruk i m<sup>3</sup>. Det vert ikkje gjeve nedsett gebyr pr. m<sup>3</sup> for storforbrukarar av vatn.

### 3.5. Ansvar for opplysningar om abonnent

Abonnten skal melde endring i abonnentstilhøvet til kommunen.

Inntil kommunen har mottatt melding og inntil kommunen har oppdatert abonnentdata frå Matrikkelen, skal abonnenten betale årsgebyr som tidlegare.

### 3.6. Berekning av gebyr

Same forbruk i m<sup>3</sup> skal i utgangspunktet leggjast til grunn for berekning av både vassgebyr og avløpsgebyr.

Fråflytting eller fråvær gjev ikkje grunnlag for frådrag i gebyr. Er bygningar på eigedomen fjerna eller øydelagt slik at den ikkje kan brukast, må det betalast gebyr inntil stikkleidning er fråkopla ved hovudleidning.

For næringsverksemd der forbruket av vatn til produksjon medfører at mengde avløpsvatn avvik vesentleg frå målt vassforbruk, kan man basera avløpsgebyret på eigen måling av tilført avløpsvatn til offentleg nett, eller etter stipulert forbruk.

For avløpsvatn som avvik frå vanleg avløp til hus-haldning og som kan virka fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sitt avløpsanlegg, kan kommunen fastsetja eit tillegg til



avløpsgebyret til dekking av meirkostnadane. I slike tilfelle vert det inngått ein separat avtale mellom kommunen og abonnenten. Eks. storkjøkken utan fettavskiljar.

For avløpsvatn frå produksjonsprosess e.l. som etter eigen løyve frå kommunen er tillat ført i grunnen, i privat leidning direkte til vassdrag eller sjø, eller i separat kommunal leidning for overvatn, betalast ikkje avløpsgebyr. Slikt vatn skal målast separat.

### 3.7. Innbetaling

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter pantelova § 6-1. Kommunen kan krevje inn gebyra etter reglane for innkrevjing av skatt

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir innkravde på felles faktura. Faktura blir send til abonnent. Avlesing av målt vassforbruk blir gjort minst éin gong per år. Forbruksgebyret skal betalast à konto basert på fjorårets forbruk, dersom ikkje anna er særskilt avtalt med kommunen. Avrekning skjer etterskotsvis minst éin gong per år.

### 3.8. Manglande innbetaling

Dersom årsgebyret ikkje er betalt innan ein månad etter at den gebyrpliktige har fått andre gongs varsel om innbetaling, kan kommunen – dersom ikkje kommuneoverlegen/mattilsynet motset seg det – stengje den kommunale vassforsyninga til gebyrojektet. Kommune påleggje den gebyrpliktige den faktiske kostnaden i samband med avstenging og påsetjing av vassforsyninga.

### 3.9. Betaling etter stipulert forbruk

Bygningar skal betale gebyr etter stipulert forbruk, dersom abonnenten eller kommunen ikkje krev at det skal betalast etter målt forbruk.

Stipulert forbruk blir fastsett ut frå bygningens bruksareal (BRA) med ein faktor for vassforbruk per kvadratmeter BRA. Faktor for vassforbruk per kvadratmeter BRA blir fastsett i gebyrregulativet. Bruksareal på eigedommen målast etter måleregane i NS 3940.

Har eigedomen utvendig eller innvendig basseng på over 3 m<sup>3</sup>, skal den betale gebyr etter målt forbruk.

### 3.10. Betaling etter målt forbruk

Gebyr etter målt forbruk skal betalast ved:

- Bygg for næringsformål, offentlege formål, o.l.
- Bygg for både bustad- og andre formål (blandingsbygg)
- Andre anlegg med varig eller mellombels tilknytning i medhald av § 3-1



Bustadabonnet har rett til å få montert vassmålar og betale gebyr etter målt forbruk. Kommunen kan påleggja abonnet med stipulert forbruk etter § 3-9 å installera vassmålar og betala gebyr etter målt forbruk.

Bustadabonnet som har installert målar friviljug, kan krevje abonnementet endra til betaling etter stipulert forbruk. Ei slik endring har ikkje tilbakeverkande kraft.

### 3.11. Retting av feil gebyrutrekning

Har mangelfulle eller feil opplysningar ført til feilaktig gebyrutrekning, skal utrekninga rettast og differansen gjerast opp. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar vert normalt ikkje dekkja.

### 3.12. Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag

Abonnet har rett til reduksjon i gebyr (prisavslag) ved feil eller manglar ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag. Abonnet har rett til redusert gebyr i følgjande tilfelle:

- Ved ikkje varsla brot på vassforsyninga i meir enn 24 timar
- Ved ikkje varsla brot på vassforsyninga meir enn 2 gonger i løpet av eitt kalenderår, og kvart brot varer lenger enn 8 timar
- Når hygienisk kvalitet på vatnet er så dårleg at det må kokast før bruk til drikke eller matlaging

Vilkår for gebyrreduksjonen er at mangelen skuldast tilhøve på kommunen si side, for eksempel forureining i vasskjelde eller feil ved kommunen sitt anlegg. Kommunen pliktar å bidra til å avklare ansvarsforholdet.

Generell anbefaling om å koke vatn som sikringstiltak etter trykkfall grunna reparasjon, spyling, brannsløkking mv. gjev ikkje gebyrreduksjon. Sats for gebyrreduksjon vert fastsett i gebyrregulativet.

Krav om redusert gebyr må fremjast innan to månader etter at tilhøvet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

## 4. Vassmålar

### 4.1. Installasjon

Kommunen bestemmer:

- Kor mange vassmålarar den enkelte abonnet skal ha
- Type, størrelse og plassering
- Når målar skal installerast

Ved oppdeling av eksisterande eigedom med vassmålar, skal kvar av dei nye eigedomane ha eigen vassmålar.



Abonnentar kan etter avtale med kommunen samarbeide om felles vassmålar der det vil være urimelege høge kostnader å installera eigen målar for kvar eining. Årsgebyr skal fordelast på abonnentane etter reglane i § 3-3, 2.ledd.

Pålagt vassmålar for ny eigedom skal være installert seinast når det vert gjeve bruksløyve eller eigedomen blir tatt i bruk, og for eksisterande eigedom ved tilknytning. Vert dette utelat, skal abonnenten for bustadeigedom betale stipulert årsgebyr etter § 3-9.

For annan eigedom vert gebyr utrekna etter skjønn, jfr. § 3-1

#### **4.2. Eigarforhold**

Alle nye vassmålarar er kommunen sin eigedom.

#### **4.3. Kostnader**

Vassmålar som skal nyttast som grunnlag for berekning av årsgebyr, skal leigast av kommunen. Installering skal dekkast av abonnenten.

For vassmålarar som kommunen eig, skal det betalast ei årleg leige i samsvar med satsane fastsett i gebyrregulativet.

#### **4.4. Avlesing av vassmålar**

Abonnenten skal lese av vassmålar så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist.

Unnlèt abonnenten å foreta avlesing, kan kommunen fastsetje årsgebyret ved skjønn etter purring. Kommunen kan også sjølv foreta avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og kan krevja særskilt gebyr for dette.

#### **4.5. Tilsyn og vedlikehald**

Abonnenten skal halda målar lett tilgjengeleg for avlesing og tilsyn.

Abonnenten skal føre tilsyn med målar. Blir ein målar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Som skade reknast også at plombering av målar er broten. Kommunen kan krevja erstatning for tap eller skade av vassmålar.

Kommunen kan føre tilsyn med målar. Kontrollør skal legitimera seg utan oppfordring.

#### **4.6. Nøyaktigheitskontroll**

Både kommunen og abonnenten kan krevje ytterlegare nøyaktigheitskontroll av målar. Kommunen avgjer om kontrollen skal utførast av kommunen eller av ekstern kontrollinstans.



Kontrollen skal føretakast med måleutstyr og prosedyrar for måling som er akseptert av Justervesenet. Kontrollen skal gjelde heile det aktuelle måle-området.

Ved krav frå abonnenten om nøyaktigheitskontroll, må abonnenten ta kostnaden med denne kontrollen om målinga er innafor akseptert avvik.

#### **4.7. Avrekning ved feilmåling**

Dersom målareren ved kontroll visar for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmålinga. Er plomberinga av målareren broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga reknast frå det tidspunkt feilen må anta å ha oppstått.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar vert ikkje dekka.

Viser målareren for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar.

Viser til forskrift om krav til vassmålararar § 34

#### **4.8. Utsifting og flytting**

Er målenøyaktigheita upresis, bestemmer kommunen om målareren skal justerast eller skiftast ut. Når vanleg levetid for ein målar er nådd, kan kommunen bestemma at målareren skal skiftast.

Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sitt krav til plassering. Abonnenten skal kosta slik flytting.

### **5. Private leidningar**

#### **5.1. Generelt**

Abbonenten har ansvar for det private leidningsnett og skal vedlikehalde og sikra sine private vassforsyningsanlegg frå tilknytingspunktet fram til offentleg hovudleidning i samsvar med dei reglane som er vedtekne for private sanitæranlegg.

Abbonenten har også ansvaret for å sikra at alle tappekranar er lukka for å unngå vassskadar når vassforsyninga ikkje er i bruk. Han skal også sørge for at stikkleidning og utvendige kranar er frostsikra.

#### **5.2. Ved skade**

Abbonenten er ansvarleg for å utbetra skadar på private leidningar/ anlegg snarast etter at det blir oppdaga. Er skaden så stor at den skapar problem for andre abonnentar eller kommunen si vassforsyning, vil kommunen utbetra denne så raskt som mogeleg. Arbeidet vil bli utført på eigar si rekning.



Er skaden på felles privat leidning, vil kostnaden med reparasjon av skaden bli sendt ein av eigarane.

Abonnten skal også gje melding til kommunen om lekkasjar eller andre tilhøve som krev tiltak på kommunen sine forsyningsanlegg.

## **6. Iverksetjing mv.**

### **6.1. Iverksetjing og oppheving av tidlegare forskrift**

Forskrifta trer i kraft 01.01.2027.

Frå same tid opphøyra Forskrift om vass- og kloakkavgifter, Bømlo kommune, Vestland av 15.12.2025, fastsett av Bømlo kommunestyre 08. desember 2025 .